



STORTINGET

Innst. 171 S

(2022–2023)

Innstilling til Stortinget
frå helse- og omsorgskomiteen

Dokument 8:15 S (2022–2023)

Innstilling frå helse- og omsorgskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Sveinung Stensland, Tone Wilhelmsen Trøen, Ingunn Foss og Erlend Svardal Bøe om bedre ivaretagelse av personer som er dømt til tvungent psykisk helsevern

prøving, herunder mulighet til å påklage avgjørelser fra kontrollkomisjonen, slik at hensynet til samfunnsvern ivaretas bedre.»

Ein viser til dokumentet for ei nærare utgreiing om forslaga.

Til Stortinget

Samandrag

I dokumentet blir det fremja følgjande forslag:

1. Stortinget ber regjeringen fremme forslag til skjerpelse av psykisk helsevernloven § 5-3, slik at
 - faglig ansvarlige har plikt til å rådføre seg med de rettspsykiatriske sakkyndige som har observert den domfelte, i løpet av de tre første ukene av oppholdet.
 - faglig ansvarlig som hovedregel skal konsultere påtalemyndigheten før en beslutning etter § 5-3 tredje ledd tas.
 - virkeområdet til § 5-3 tredje ledd utvides til å omfatte overføring til andre institusjoner.
2. Stortinget ber regjeringen utrede ansvarsfordelingen mellom justissektoren, helsesektoren og kommunesektoren i saker med kombinasjonen kriminalitet og behov for psykisk helsehjelp.
3. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å styrke påtalemyndighetens kontrollmuligheter etter psykisk helsevernloven, ved å utvide adgangen til å klage og til å bringe flere forhold inn for rettslig

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Tove Elise Madland, Cecilie Myrseth, Even A. Røed og Truls Vasvik, frå Høgre, Erlend Svardal Bøe, Kristin Ørmen Johnsen og leiaren Tone Wilhelmsen Trøen, frå Senterpartiet, Tor Inge Eidesen og Hans Inge Myrvold, frå Framstegspartiet, Bård Hoksrud og Morten Wold, frå Sosialistisk Venstreparti, Marian Hussein, frå Raudt, Seher Aydar, frå Kristeleg Folkeparti, Olaug Vervik Bollestad, og frå Pasientfokus, Irene Ojala, syner til Representantforslag 15 S (2022–2023) om betre ivaretaking av personar som er dømde til tvungent psykisk helsevern. Representantforslaget tar føre seg ei rekke forslag som omhandlar samarbeid og ansvarsfordeling mellom justis- og helsesektoren i saker der personar er dømde til tvungent psykisk helsevern. Komiteen merkar seg at representantane som har fremma forslaga, meiner det på fleire område er uklart kva for ansvarsområde som overlappar kvarandre eller grensar mot kvarandre, og at det derfor er behov for ei vurdering av korleis ansvarsområda i framtida bør delast mellom dei ulike sektorane. Diverre kan det skje hendingar med fatale konsekvensar der personar med ei alvorleg psykisk lidning blir

valdelege, men komiteen vil peike på at personar med ei alvorleg psykisk lidning sjeldan utgjer ein fare for seg sjølv eller andre.

Det har vore skriftleg høyring i saka, og komiteen har mottatt sju høyringssvar frå fem organisasjonar og to instansar tilhøyrande dei offentlege helseføretaka. Komiteen merkar seg at fleire av høyringssvara peiker på at det er behov for meir utgreiing, og at dei difor støttar forslag nr. to i representantforslaget før dei kan ta stilling til dei andre forslaga.

Komiteen syner vidare til statsråd Ingvild Kjerkol si uttale om saka i brev til komiteen av 17. november 2022. Brevet er lagt ved denne innstillinga. I lys av alvorlege hendingar dei siste åra har tilsyn og evalueringar peikt på læringspunkt som må bli følgde opp. Statsråden uttalar at dette blir nøye følgt opp saman med justis- og beredskapsministeren, noko komiteen meiner er viktig. Komiteen meiner vidare at det er bra at statsråden skriv:

«Vi må bli enda bedre på å forebygge slike hendelser, og på å fange opp og behandle personer med psykiske lidelser og risiko for å skade andre.»

Komiteen merkar seg at statsråden gjennom oppdragsbrevet til dei regionale helseføretaka for 2022 har gjeve i oppdrag å utarbeide ein overordna plan for sikkerheitspsykiatri og tiltak for dei som er dømde til tvungent psykisk helsevern.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet syner til statsråden si uttale om representantforslaga som er fremma. Desse medlemene meiner det er svært viktig at valdshandlingar blir førebygde, og syner til at Helsedirektoratet har gitt nasjonale faglege råd om valdsrisikoutgreiing ved alvorleg psykisk lidning. Det blir gjort mykje godt i helsetenesta, og felles faglege råd er med på å styrka kompetansen på både førebygging og handtering. Desse medlemene vil visa til at det er sett ned utval, der det eine skal sjå på den tematiske organiseringa av psykisk helsevern og det andre skal evaluera vilkåret om manglande samtykkekompetanse i psykisk helsevernloven.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti viser til at flere rapporter etter alvorlige hendelser de siste årene har pekt på behov for en revisjon av reglene om taushetsplikt og informasjonsutveksling mellom de ulike aktørene. Målet må være et klarere regelverk for hvilken informasjon som kan og skal deles, når og av hvem, samtidig som det er gode kontrollmekanismer for å hindre misbruk. Samhandling og informasjonsdeling mellom det psykiske helsevernet og påtalemyndigheten er viktig blant annet ved håndtering av akutte

hendelser, ved volds- og risikovurderinger og i forbindelse med gjennomføring av dom på tvungent psykisk helsevern.

Disse medlemmer viser til at Kripos i november 2022 la frem rapporten «Vold begått av personer med alvorlige psykiske lidelser». Rapporten viser at antall voldsforhold idømt overføring til tvungent psykisk helsevern eller som har blitt henlagt på grunn av tvil om tilregnelighet, i perioden 2016–2020 økte med 74 pst. sammenlignet med perioden 2011–2015. Til sammenligning var økningen for øvrige voldsforhold 17 pst. Rapporten viser tilsvarende trend for drap og drapsforsk. Om mulige forklaringer skriver Kripos følgende:

«Siden økningen i vold begått av personer med alvorlige psykiske lidelser er betydelig større enn den samtidige økningen i øvrig voldsutøvelse, sannsynliggjør det imidlertid at deler av økningen er spesielt knyttet til rammene rundt alvorlig psykisk syke.»

Disse medlemmer mener økningen i antall voldshendelser og bekymringene Kripos tar opp i rapporten, underbygger behovet for å styrke samhandlingen mellom helsesektoren og justissektoren.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet vil påpeke at situasjonen på ingen måter er ny, og at statistikken medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti viser til, tyder på at forrige regjering ikke tok nødvendige grep for å bedre samhandlingen. Disse medlemmer mener at regjeringen, bestående av Arbeiderpartiet og Senterpartiet, har tatt tak i problemstillingene og igangsatt arbeidet med å styrke samhandlingen mellom helsesektoren og justissektoren og utbedre situasjonen siden de tok over regjeringmakten i oktober 2021. Dette uttales bl.a. i statsrådens svarbrev om representantforslaget. I tillegg kommer det fram i en rekke uttalelser fra justis- og beredskapsminister Emilie Mehl, som blant annet uttalte følgende til TV 2 7. november 2022:

«Vi mener det er viktig å se på regelverket som regulerer hva slags informasjon som skal deles mellom helsevesenet og politiet, men også hvilke rammer PST har for sitt arbeid med å følge med i samfunnet. Det har vært en teknologisk utvikling, og mange lever sine liv på nettet.»

Disse medlemmer er enige med medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti i at samhandling mellom etatene må styrkes, men mener uttalelsene til helse- og omsorgsministeren og justis- og beredskapsministeren viser at dette er høyt prioritert hos regjeringen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener det er bra at tvungent psykisk helsevern settes på dagsordenen. De siste årene har vi

dessverre sett flere eksempler på at det har vært en svikt når det kommer til å gi god hjelp til personer med alvorlige psykiske lidelser og å beskytte samfunnet for øvrig mot personer som kan være til fare for både seg selv og andre.

Disse medlemmer mener derimot det er påfallende at dette forslaget kommer fra Høyre nå. For ett år siden fremmet representanter fra Fremskrittspartiet et lignende representantforslag. Da stemte Høyre imot forslagene.

Disse medlemmer merker seg at det i sin tid var Bent Høie som var en sterk forkjemper for å fjerne enkelte muligheter til tvangsbruk i psykisk helsevern, blant annet ved innføring av samtykkekrav i psykisk helsevernloven fra 2017 og endringer i straffeloven om dom på overføring til tvungent psykisk helsevern i 2016.

Disse medlemmer mener det ville vært fornuftig å gjennomgå konsekvensene av disse lovendringene for å se om disse i dag gjør det vanskeligere å gi behandling til potensielt farlige pasienter selv om de selv ikke ønsker behandling.

Disse medlemmer mener at forslagene er gode, men langt ifra nok til å kunne løse utfordringene som skisseres. Det må kraftigere lut til. På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer på nytt forslagene som Fremskrittspartiet fremmet for ett år siden i Dokument 8:19 S (2021–2022) om bedre ivaretagelse av samfunnets behov for vern mot og behandling av alvorlig psykisk syke personer, jf. Innst. 142 S (2021–2022):

«Stortinget ber regjeringen utrede konsekvensene av endringene i straffeloven i 2016 om vilkår for å idømme overføring til tvunget psykisk helsevern og av innføringen av samtykkekravet i psykisk helsevernloven i 2017.»

«Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til endringer i psykisk helsevernloven og straffeloven, for bedre ivaretagelse av samfunnets behov for vern mot og behandling av alvorlig psykisk syke personer.»

Komiteens medlemmer fra Høyre vil minne om at Norge gjennom mange år fikk kritikk for utstrakt bruk av tvang mot mennesker som hadde samtykkekompetanse, og at Stoltenberg-regjeringen ikke fulgte anbefalinger i NOU 2011:9 (Økt selvbestemmelse og rettssikkerhet – Balansegangen mellom selvbestemmelsesrett og omsorgsansvar i psykisk helsevern) om at man ikke kunne bruke tvungent psykisk helsevern mot mennesker som har samtykkekompetanse. Disse medlemmer vil understreke at det både i denne anbefalingen og senere hele tiden har vært unntak der det foreligger selvmordsfare og fare for andres liv og helse. Disse medlemmer viser til at anbefalingen var tydelig på at denne endringen var viktig, og at kritikken mot bruk av tvang var omfattende. Solberg-

regjeringen fremmet forslag om å gjøre en endring i lovverket, denne endringen trådte i kraft i 2017. Disse medlemmer viser til at også NOU 2019:14 Tvangsbelegnsningsloven pekte på viktigheten av at tvang ikke kan brukes dersom pasienten er samtykkekompetent. I tillegg til at to faglige offentlige utredninger støtter opp om dette, har lovendringen fra 2017 gjennomgått både en kvalitativ og en kvantitativ evaluering.

Disse medlemmer viser til at hovedregelen er at alle typer helsehjelp skal være basert på frivillighet, og at innføring av krav om samtykkekompetanse ikke gjelder for pasienter som utgjør en fare for eget liv eller andres liv eller helse. Disse medlemmer anerkjenner fullt ut at de faglige vurderinger som helsepersonell står i når det gjelder samtykkekompetanse, er vanskelig.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener det er viktig at dette saksområdet gjennomgås. De siste årene har vi dessverre sett flere hendelser der personer som er til fare for både seg selv og andre, ikke har fått tilstrekkelig hjelp og behandling. Endringene som er gjort de siste årene, har gjort det vanskeligere å skjerme personer som kan være til fare ikke bare for eget liv og helse, men også for samfunnet. Det er mange grensetilfeller hvor det er viktig at det tas gode beslutninger, og at både justis- og helsesektoren har gode verktøy for å ivareta både sikkerhet og god behandling. Da er det viktig at regelverket ikke står i veien for at personer som kan utgjøre en fare, skjermes fra samfunnet.

Endringer i psykisk helsevernlova § 5-3

Komiteen syner til forslaga om endringer i psykisk helsevernlova § 5-3. Forslaga omhandlar plikt for den fagleg ansvarlege til å rådføre seg med rettspsykiatrisk sakkunning i løpet av dei tre første vekene av opphaldet, at påtalemyndigheita skal bli konsultert før avgjersle etter § 5-3 tredje ledd blir tatt, og at verkeområdet til § 5-3 tredje ledd blir utvida.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet meiner intensjonen i forslaga om skjerpingar i psykisk helsevernlova er god. Vidare vil desse medlemene syna til Helsedirektoratet sitt rundskriv til psykisk helsevernlova. Desse medlemene syner til fleire høyringsssvar som ønsker at skjerpingar blir greidde ut før det eventuelt kjem endringar. Regjeringa har sett ned eit ekspertutval som evaluerer lovendringa som innførte manglande samtykkekompetanse som eit vilkår for bruk av tvang i psykisk helsevern. Desse medlemene meiner at det kan vera aktuelt å vurdere å innføra fleire av desse endringane i arbeidet med oppfølginga av dette ekspertutvalet.

Desse medlemene syner til at det i rundskrivet er tilrådd at fagleg ansvarleg alltid les dommen til pasienten og rådfører seg med den rettspsykiatrisk sakkuninge. Det er òg tilrådd at fagleg ansvarleg ber om innsyn i den rettspsykiatriske erklæringa. Desse medlemene vil peike på at det dermed som oftast vil bli vurdert som fagleg uforsvarleg å ikkje innhente informasjon.

Desse medlemene syner til Prop. 154 L (2016–2017) i vurderinga av om fagleg ansvarleg skal få ei plikt til å konsultera påtalemyndigheta før avgjersle om permisjon eller overføring mellom ulike sikkerheitsnivå innan same institusjon. Desse medlemene meiner difor at dagens § 5-3 tredje ledd er tilstrekkeleg.

Desse medlemene meiner at det primært er eit helsefagleg spørsmål om pasienten bør overførast til andre institusjonar, og viser til at helsepersonell og særleg fagleg ansvarleg heile vegen har eit ansvar for å gjera sikkerheitsmessige vurderingar ved gjennomføring av dom om tvungent psykisk helsevern.

Desse medlemene viser til fleire av høyringsvara som påpeiker at høvet til å klage på vedtaka til kontrollkommisjonen blir nytta i utstrakt grad, i tillegg til å uttrykke uro for at det vil endra det faglege ansvaret frå helsevesenet til påtalemyndigheta. Desse medlemene ser difor ikkje behov for eit særskilt høve for påtalemyndigheta til å bringe kontrollkommisjonen sitt vedtak inn for retten.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Kristelig Folkeparti mener en skjerpet plikt til å konsultere påtalemyndigheten kan gi institusjonen nyttige perspektiver i vurderingen av for eksempel beslutninger om overføring til andre institusjoner eller permisjoner, men understreker samtidig at beslutningsmyndigheten fortsatt vil ligge hos den faglig ansvarlige.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti fremmer følgende forslag:

- «Stortinget ber regjeringen fremme forslag til skjerpelse av psykisk helsevernloven § 5-3, slik at
- faglig ansvarlig har plikt til å rådføre seg med de rettspsykiatrisk sakkyndige som har observert den domfelte, i løpet av de tre første ukene av oppholdet.
 - faglig ansvarlig som hovedregel skal konsultere påtalemyndigheten før en beslutning etter § 5-3 tredje ledd tas.
 - virkeområdet til § 5-3 tredje ledd utvides til å omfatte overføring til andre institusjoner.»

Disse medlemmer mener hensynet til samfunnsvern og psykisk helsehjelp er sentrale hensyn ved utformingen av en trygg velferdsstat. Det må foretas en

avveining mellom hensynet til den enkelte borgers autonomi og statens interesser i å motvirke farefull adferd. Ivaretagelse av disse hensynene vil nødvendigvis berøre flere av samfunnets store sektorer. Både justissektoren, helsesektoren og kommunesektoren har samfunnsvernet innenfor sine ansvarsområder i større eller mindre grad.

Komiteen syner til forslaget om å styrke påtalemyndigheta si kontrollmoglegheit etter psykisk helsevernlova med omsyn til samfunnsvernet. Komiteen syner vidare til at påtalemyndigheta har moglegheit til å klage til kontrollkommisjonen på alle vedtak om overføring som blir gjorde etter den obligatoriske observasjonsperioden på tre veker etter psykisk helsevernlova § 5-4. Komiteen merkar seg at påtalemyndigheta i liten grad har nytta seg av høvet til å klage på slike vedtak til kontrollkommisjonen, etter det statsråden uttaler i brevet til komiteen.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Kristelig Folkeparti mener påtalemyndighetens kompetanse til å klage og å bringe forhold inn for rettslig prøving bør utvides. Dette vil sikre at de juridiske aspektene ved vurderingene av faregrad og samfunnsvern ivaretas bedre ved for eksempel avgjørelser om hvorvidt domfelte skal gis permisjon eller overføres. Disse medlemmer viser til at spørsmålet ble berørt i Prop. 154 L (2016–2017) punkt 5.2.3.4, hvor flere høringsinstanser ga støtte til å utvide påtalemyndighetens kontrollmuligheter.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å styrke påtalemyndighetens kontrollmuligheter etter psykisk helsevernloven ved å utvide adgangen til å klage og til å bringe flere forhold inn for rettslig prøving, herunder mulighet til å påklage avgjørelser fra kontrollkommisjonen, slik at hensynet til samfunnsvern ivaretas bedre.»

Utgreiing av ansvarsfordeling mellom justissektoren, helsesektoren og kommunesektoren

Komiteen syner til forslaget om å greie ut ansvarsfordelinga mellom justissektoren, helsesektoren og kommunesektoren i saker der det er ein kombinasjon av kriminalitet og behov for psykisk hjelp.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet meiner det er svært viktig med eit godt og tydeleg samarbeid mellom sektorane.

Desse medlemene meiner at eit nært samarbeid mellom fagdepartementa og fagstatsrådene om denne utfordringa er viktig. Desse medlemene peiker på at det er gitt i oppdrag til Helsedirektoratet og Politidirektoratet å revidera det generelle rettleiingsmaterialet om politiet sitt ansvar for personar med psykiske lidingar og informasjonsdeling mellom helsevesen og politi. Desse medlemene vil påpeika kor viktig det er at Helse- og omsorgsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet ser på behovet for eventuelle justeringar av blant anna ansvarsforholda.

Desse medlemene vil syna til at kommunane har fått mange fleire oppgåver utan at dei nødvendigvis har økonomi eller fagpersonell til det. I samband med nasjonal helse- og samhandlingsplan og opptrappingsplanen for psykisk helse vil det bli svært viktig å styrka samhandlinga mellom spesialisthelsetenesta, kommunehelsetenesta og justissektoren. Det er allereie sett i gang ei rekke tiltak for å gjera tydeleg ansvarsdelinga mellom helse- og justissektoren. Helsedirektoratet har laga ei eiga informasjonsside om ansvarsforhold og høve til informasjonsutveksling ved oppfølging av personar som er dømde til tvungent psykisk helsevern. Desse medlemene meiner at det i dei komande arbeidene bør tydeleggjerast kva oppgåver dei ulike nivåa, tenestene og sektorane har, og meiner difor at ei vidare utgreiing ikkje er naudsynt.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Kristelig Folkeparti viser til at Tvangsbegrensningslovutvalget i NOU 2019:14 avgrenset mot problemstillingen, og mener at det på flere samfunnsområder er uklart hvor – og hvorvidt – ansvarsområdene overlapper hverandre eller grenser mot hverandre. Det er derfor behov for en vurdering av hvordan ansvarsområdene for fremtiden bør fordeles mellom sektorene. Disse medlemmer mener arbeidene for å avklare ansvarsdelingen som statsråden viser til i sitt svarbrev, ikke i tilstrekkelig grad dekker behovet for en helhetlig gjennomgang av både helsesektorens, justissektorens og kommunenes ansvar. Disse medlemmer viser til høringsinnspillet fra SIFER-Sør-Øst (regionalt kompetansesenternettverk i sikkerhets-, fengsels- og rettspsykiatri) punkt 4.

Disse medlemmer viser til at forslaget om en vurdering av ansvarsfordelingen har fått bred støtte i den skriftlige høringen. Disse medlemmer viser til at Den norske legeförening i sitt høringsinnspill støtter forslaget. Den norske legeförening peiker på et behov for å se problematikken i sammenheng med økningen i antall dømte til overføring til tvungent psykisk helsevern og reduksjonen i antall sengeplasser i psykisk helsevern.

Disse medlemmer viser også til at forslaget får støtte fra SIFER (Helse Sør-Øst), som mener ansvarsdelingen mellom justissektoren, helsesektoren og kommunene er

«gjennomgående preget av vilkårlighet».

SIFER peiker på at

«justissektoren legger beslag på stadig flere av helsevesenets døgnplasser, ved at psykisk syke som har begått kriminelle handlinger idømmes strafferettslig særreaksjon i form av tvungent psykisk helsevern»,

og at en konsekvens av dette

«er at stadig flere døgnplasser benyttes til å ivareta samfunnsvernet, som i neste omgang fører til at ikke-kriminelle pasienter med et mulig større behandlingspotensiale blir presset ut av døgnplassene i det psykiske helsevernet».

Disse medlemmer er bekymret for utviklingen som beskrives, og mener høringsinnspillene underbygger behovet for en grundig vurdering av ansvarsfordelingen mellom de ulike aktørene. Målet er å oppnå bedre ivaretagelse av både personer som er dømt til tvungent psykisk helsevern, og andre personer med alvorlige psykiske lidelser og voldspotensial.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Rødt, Kristelig Folkeparti og Pasientfokus, fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen utrede ansvarsfordelingen mellom justissektoren, helsesektoren og kommunesektoren i saker med en kombinasjonen kriminalitet og behov for psykisk helsehjelp.»

Et annet flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Rødt, Kristelig Folkeparti og Pasientfokus, støtter at det gjøres en gjennomgang av ansvarsfordelingen mellom justissektoren, helsesektoren og kommunesektoren i saker med en kombinasjonen kriminalitet og behov for psykisk helsehjelp, og viser til at det er bred støtte for dette i høringsinnspillene.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Rødt og Pasientfokus viser til Statens undersøkelseskomisjon for helse- og omsorgstjenestens (Ukom) nye rapport «Helsehjelp til personer med alvorlig psykisk lidelse og voldsrisiko» (26. januar 2023), som tar utgangspunkt i drapene på Kongsberg og konkluderer med at samarbeidet mellom spesialisthelsetjenesten, kommunen og politiet i dag ikke er tilstrekkelig for å kunne forebygge voldshendelser og ivareta helsehjelpen til denne pasientgruppen.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti, Rødt og Pasientfokus mener at endringer i lovverket bør forventes til utvalgene statsrå-

dene viser til, har levert sine rapporter og en eventuell gjennomgang slik forslagsstillerne ber om, er gjort.

Disse medlemmer vil understreke at forebygging gjennom styrking av helsetjenestene må være det prioriterte tiltaket for bedre ivaretagelse av personer som er dømt til tvungent psykisk helsevern, og psykisk syke med voldsrisiko.

Forslag frå mindretal

Forslag frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringen fremme forslag til skjerpelse av psykisk helsevernloven § 5-3, slik at

- faglig ansvarlig har plikt til å rådføre seg med de rettspsykiatriske sakkyndige som har observert den domfelte, i løpet av de tre første ukene av oppholdet.
- faglig ansvarlig som hovedregel skal konsultere påtalemyndigheten før en beslutning etter § 5-3 tredje ledd tas.
- virkeområdet til § 5-3 tredje ledd utvides til å omfatte overføring til andre institusjoner.

Forslag 2

Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å styrke påtalemyndighetens kontrollmuligheter etter psykisk helsevernloven ved å utvide adgangen til å klage og til å bringe flere forhold inn for rettslig prøving, herunder mulighet til å påklage avgjørelser fra kontroll-

kommisjonen, slik at hensynet til samfunnsvern ivaretas bedre.

Forslag frå Framstegspartiet:

Forslag 3

Stortinget ber regjeringen utrede konsekvensene av endringene i straffeloven i 2016 om vilkår for å idømme overføring til tvunget psykisk helsevern og av innføringen av samtykkekravet i psykisk helsevernloven i 2017.

Forslag 4

Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til endringer i psykisk helsevernloven og straffeloven, for bedre ivaretagelse av samfunnets behov for vern mot og behandling av alvorlig psykisk syke personer.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen blir fremja av medlemene i komiteen frå Høgre, Framstegspartiet, Raudt, Kristeleg Folkeparti og Pasientfokus.

Komiteen viser til representantforslaget og det som står ovanfor, og rår Stortinget til å gjere følgjande

v e d t a k:

Stortinget ber regjeringen utrede ansvarsfordelingen mellom justissektoren, helsesektoren og kommunesektoren i saker med en kombinasjon av kriminalitet og behov for psykisk helsehjelp.

Oslo, i helse- og omsorgskomiteen, den 7. februar 2023

Tone Wilhelmsen Trøen

leiar

Tor Inge Eidesen

ordførar



DET KONGELIGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Statsråden

Helse- og omsorgskomiteén
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

22/4020-

17. november 2022

Dokument 8:15 S (2022-2023) om bedre ivaretagelse av personer som er dømt til tvungen psykisk helsevern

Jeg viser til brev fra Stortingets helse- og omsorgskomiteé av 14. oktober 2022, der jeg blir bedt om å uttale meg om representantforslaget fra representantene Sveinung Stensland, Tone Wilhelmsen Trøen, Ingunn Foss og Erlend Svardal Bø.

Personer med alvorlige psykiske lidelser utgjør sjelden en fare for seg selv eller andre, men dessverre skjer det av og til slike hendelser som representantene viser til. Tilsyn og evalueringer peker på viktige læringspunkter som jeg følger nøye opp sammen med justis- og beredskapsministeren. Vi vil bli enda bedre til å forebygge slike hendelser, og på å fange opp og behandle personer med psykiske lidelser og risiko for å skade andre.

En sentral del er å se og ivareta det enkelte menneske og legge best mulig til rette for at flest mulig kan leve verdige liv. Sosial inkludering, aktivitet og arbeid er grunnleggende faktorer i å bygge psykisk helse hos den enkelte og i befolkningen. Personer med alvorlige psykiske lidelser er derfor en av de fire prioriterte gruppene som helsefelleskapene skal utvikle gode tjenester til.

De aller fleste som har behov for psykisk helsehjelp, vil aldri bli en fare for andre. Det kan dessuten være vanskelig å forutsi hvem som vil begå voldshandlinger.

Det gjøres også mye i helsetjenesten for å forebygge voldelige hendelser. Helsedirektoratet har utgitt nasjonale faglige råd om voldsrisikoutredning ved alvorlig psykisk lidelse. Kompetansen i tjenestene om å forebygge og håndtere voldsrisiko styrkes.

Noen trenger behandling i enheter med særlig høyt sikkerhetsnivå, enten fordi de har et voldsproblem eller at de er dømt til psykisk helsevern. Alle regioner har tilbud om dette, men vi vurderer behov for styrking og endringer fremover. I oppdragsdokumentet for 2022 har derfor de regionale helseforetakene fått i oppdrag å utarbeide en overordnet plan for sikkerhetspsykiatrien og øvrige tiltak for dømte til tvungent psykisk helsevern. De regionale helseforetakene skal også, før planen er ferdig, vurdere om det er behov for regionale prosedyrer og tiltak på bakgrunn av tilsyn og rapporter fra blant annet Statens undersøkelseskommissjon for helse- og omsorgstjenesten (Ukom) og Helsetilsynet.

1. Faglig ansvarliges plikt til å rådføre seg med de rettspsykiatriske sakkyndige som har observert den domfelte

Helsedirektoratet har nylig, på oppdrag fra departementet, oppdatert og samlet informasjon om ansvarsforhold og adgang til informasjonsutveksling ved oppfølging av personer som er dømt til tvungent psykisk helsevern. Informasjonen er gjort lett tilgjengelig på Helsedirektoratets sider: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/tvang-i-psykisk-helsevern/oppfolging-av-personer-domt-til-tvungent-psykisk-helsevern>.

Direktoratet framhever blant annet at den faglig ansvarlige for å treffe vedtak og beslutte nærmere angitte tiltak etter psykisk helsevernloven, jf. psykisk helsevernloven § 1-4, har hovedansvaret for gjennomføringen av dom ved overføring til tvungent psykisk helsevern. I det ligger det at den faglig ansvarlige både har ansvaret for behandlingen og for samfunnsvernet.

Jeg støtter intensjonen i representantenes forslag om å lovfeste at faglig ansvarlig, i løpet av de tre første ukene av oppholdet på døgninstitusjon i psykisk helsevern, skal ha plikt til å rådføre seg med de rettspsykiatriske sakkyndige som har observert den domfelte. Jeg viser til at Helsedirektoratet i sitt rundskriv til psykisk helsevernloven anbefaler at faglig ansvarlig alltid leser dommen og rådfører seg med de rettspsykiatriske sakkyndige, samt at de ber om innsyn i den rettspsykiatriske erklæringen. I det ligger det at det som oftest vil bli vurdert som faglig uforvarlig å ikke innhente informasjonen.

Jeg vil vurdere innføring av en slik plikt for den faglige ansvarlige i forbindelse med framtidige lovarbeider. Det kan for eksempel være aktuelt i forbindelse med oppfølging av utredningen fra ekspertutvalget som evaluerer lovendringen som innførte manglende samtykkekompetanse som vilkår for bruk av tvang i psykisk helsevern.

2. Faglig ansvarliges plikt til å konsultere påtalemyndigheten før beslutning om permisjon eller overføring mellom ulike sikkerhetsnivåer innen samme institusjon

Jeg er opptatt av at helsetjenesten skal ha et best mulig grunnlag for å planlegge gjennomføringen av det psykiske helsevernet for domfelte. Det er derfor særlig viktig

at faglig ansvarlig innhenter informasjon fra påtalemyndigheten i den første fasen av institusjonsoppholdet. Når den domfelte har vært innlagt en stund, vil helsetjenesten selv ha mer og nyere informasjon om pasienten. Påtalemyndighetens informasjon og vurderinger basert på situasjonen før innleggelsen vil dermed være mindre sentrale for den faglig ansvarliges beslutninger om overføring mellom ulike sikkerhetsnivåer innen samme institusjon om domfelte skal få permisjon.

Spørsmålet om når helsetjenesten bør konsultere påtalemyndigheten ble vurdert i Prop.154 L (2016-2017) Endringer i straffeloven og straffeprosessloven mv. (skyldvne, samfunnsvern og sakkyndighet):

«Nytt *tredje ledd* innebærer at faglig ansvarlig skal ha en plikt til å konsultere påtalemyndigheten før domfelte overføres mellom ulike sikkerhetsnivåer innen samme institusjon eller får permisjon, dersom særlige hensyn tilsier dette. Vilkåret om særlige hensyn skal sikre at ikke påtalemyndigheten belastes med alle beslutninger av denne typen. En rekke avgjørelser om permisjoner vil være uproblematisk, og samråd med påtalemyndigheten vil da ikke være nødvendig. Bestemmelsen skal legge til rette for at påtalemyndigheten kan bidra med sin kompetanse i vurderinger som er viktige av hensyn til samfunnsvernet. Dette vil styrke samfunnsvernet under gjennomføringen av særreaksjoner, herunder trygge ivaretagelsen av hensynet til fornærmedes og etterlattes sikkerhet.»

Jeg vil derfor ikke fremme forslag om at den faglig ansvarlige som hovedregel skal konsultere påtalemyndigheten før det tas beslutninger om å overføre domfelte mellom ulike sikkerhetsnivåer innen samme institusjon eller om domfelte skal få permisjon.

3. Faglig ansvarliges plikt til konsultere påtalemyndigheten før overføring til andre institusjoner

Representantene foreslår at det skal lovfestes at den faglig ansvarlige skal konsultere påtalemyndigheten før overføring til andre institusjoner, for eksempel annen institusjon innen psykisk helsevern. Vurderingen av om domfelte bør overføres til en annen institusjon er etter mitt syn først og fremst en helsefaglig problemstilling, samtidig som jeg understreker at helsepersonellet også plikter å foreta sikkerhetsmessige vurderinger ved gjennomføring av dom om tvungent psykisk helsevern. Jeg viser dessuten til påtalemyndighetens adgang til å påklage vedtak om overføring til opphold i annen institusjon eller psykisk helsevern uten døgnopphold, etter psykisk helsevernloven § 5-4. Vedtaket skal ikke gjennomføres før klagesaken er avgjort, med mindre den domfeltes tilstand gjør det uomgjengelig nødvendig at overføring skjer raskt.

Spesialisthelsetjenesten ved faglig ansvarlig, har hovedansvaret for gjennomføringen av dom ved overføring til tvungent psykisk helsevern. Dette gjelder også når vernet gjennomføres uten døgnopphold i institusjon. Kommunen har i dag ingen hjemler for å bruke tvang i psykisk helsevern.

4. Utredning av ansvarsfordelingen mellom justissektoren, helsesektoren og kommunesektoren i saker med kombinasjonen kriminalitet og behov for psykisk helsehjelp

Vi har allerede satt i gang en rekke tiltak for å tydeliggjøre ansvarsdelingen mellom helse- og justissektoren. Helsedirektoratet har som nevnt, laget en egen informasjonsside om ansvarsforhold og adgang til informasjonsutveksling ved oppfølging av personer som er dømt til tvungent psykisk helsevern. Helsedirektoratet og Politidirektoratet har videre fått i oppdrag å revidere det generelle veiledningsmaterialet om politiets ansvar for psykisk syke og informasjonsdeling mellom helse og politi.

Jeg har en god og løpende dialog med justis- og beredskapsministeren om behov for å avklare ansvarsforhold mellom helse- og justissektoren, tiltak for å sikre utveksling av nødvendig informasjon og tiltak for å styrke samarbeidet mellom sektorene, samt behovet for å se på eventuelle justeringer av blant annet ansvarsforholdene.

5. Styrking av påtalemyndighetens kontrollmuligheter etter psykisk helsevernloven slik at hensynet til samfunnsvernet ivaretas bedre

Påtalemyndigheten kan etter psykisk helsevernloven § 5-4 påklage alle vedtak om overføringer som treffes etter den obligatoriske observasjonsperioden på tre uker til Kontrollkommisjonen.

Vedtak om overføring fra institusjon for døgnopphold til tvungent vern uten døgnopphold kan ikke settes i verk før klagefristen er ute eller alle de klageberettigede har akseptert vedtaket. Det samme gjelder for vedtak om overføring fra en institusjon til en annen. Disse reglene er nettopp begrunnet i hensynet til samfunnsvernet. Klagefristen er tre uker, jf. forvaltningsloven § 29. Dersom vedtaket påklages, kan det som hovedregel først iverksettes etter at Kontrollkommisjonen har truffet vedtak i saken. Det kan bare gjøres unntak i tilfeller der rask overføring anses som «uomgjengelig nødvendig» av hensyn til domfeltes tilstand. Det går fram av Helsedirektoratets rundskriv at unntak bare kan gjøres i situasjoner av nødrettslignende karakter.

Pasienten og pasientens nærmeste pårørende kan etter psykisk helsevernloven § 7-1 bringe noen av Kontrollkommisjonens vedtak inn for tingretten etter de særskilte reglene i tvisteloven kapittel 36. Jeg forstår representantenes forslag om å utvide påtalemyndighetens adgang til å påklage avgjørelser fra Kontrollkommisjonen til å gjelde adgangen til domstolsprøving. På denne måten skal påtalemyndigheten blant annet gis en særskilt adgang til domstolsprøving i saker der de ikke får medhold i en klage til Kontrollkommisjonen om overføring av en person som er dømt til tvungent psykisk helsevern fra institusjon for døgnopphold til tvungent psykisk helsevern uten døgnopphold.

Helsedirektoratet har imidlertid opplyst at påtalemyndigheten i liten grad benytter adgangen til å påklage slike vedtak til Kontrollkommisjonen. I 2021 ble for eksempel ingen av klagenes over Kontrollkommisjonens vedtak fremmet av påtalemyndigheten. Jeg kan derfor ikke se at

det er behov for å gi påtalemyndigheten en særskilt adgang til å bringe Kontrollkomisjonens vedtak inn for tingretten.

Jeg har forståelse for ønsket om å sikre at samfunnsvernet blir tilstrekkelig ivaretatt. Jeg vil likevel advare mot å foreslå lovendringer som ikke er basert på grundige og helhetlige faglige vurderinger.

Med hilsen



Ingvild Kjerkol

